

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskapet	07.05.2024	041/24
Ungdomsrådet	27.05.2024	025/24
Råd for personar med funksjonsnedsetjing	29.05.2024	023/24
Eldrerådet	30.05.2024	027/24

## Ny forskrift om politivedtekt for Øygarden kommune - til høyring

### Kort om saka

Øygarden kommune står per i dag utan gjeldande politivedtekt for heile kommunen, og har berre gjeldande politivedtekt i gamle Fjell og Sund kommunar. Politivedtekter er lokale forskrifter, og det må lagast ny forskrift for Øygarden kommune. Dei lokale politivedtektena gir føresegner for utøving av polititenestene i kommunen. Det kan i lokale politivedtekter gis føresegner om høve som er omfatta av politilova § 14.

Høyringsprosessen vert gjennomført ved at formannskapet legg saka ut på høyring i 2 månadar. I høyringsperioden får medverknadsråda denne saka til uttale. Formannskapet får ny sak tilbake med innarbeidde innspel før kommunestyret gjer endeleg vedtak til hausten.

### Dokument vedlagt saka:

Tittel
Forslag til forskrift om politivedtekter Øygarden kommune
Forslag til forskrift om politivedtekter Øygarden kommune

### Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

- Formannskapet vedtek å legga forslag til ny forskrift om politivedtekt ut på høyring med ein høyringsperiode på to månader og med høyringsfrist 30.06.24.
- Medverknadsråda får høyringssaka til uttale i høyringsperioden.

### Saksopplysningar

Tidlegare Fjell og Sund kommunar har gjeldande politivedtekt innanfor sine gamle kommunegrenser, gamle Øygarden kommune har oppheva si politivedtekt. Det ligg soleis ikkje føre forskrift om

politivedtekt for heile den nye Øygarden kommune og det er viktig å få utarbeid ny forskrift om politivedtekt.

I 2018 vart det vedteken ny normalpolitivedtekt, og det vart lagt til grunn av Politidirektoratet at alle lokale politivedtekter skulle gjennomgåast og reviderast. Av dei tidlegare kommunane er det berre Fjell kommune som hadde revidert sine politivedtekter og oppdatert desse etter ny normalpolitivedtekt. Politivedtekten i gamle Fjell kommune vert vedtekne etter ei grundig prosess, forskrifa var på høyring og fleire kom med innspel under høyringsperioden. Utdrag fra Politidirektoratets rundskriv 2018/002 av 13. februar 2018 [Lovtidend - Lovdata](#)

Forskrifta i tidlegare Fjell kommune vart reviderte og godkjent av Politidirektoratet. Tidlegare Sund kommune hadde ikkje revidert sine politivedtekt, og forskrifa er frå 2006.

Dei tidlegare kommunane hadde følgjande forskrift:

Oppheva - Forskrift frå tidlegare Øygarden kommune - [Forskrift om politivedtekt for Øygarden kommune, Hordaland - Lovdata](#)

Gjeldande - Forskrift frå Fjell kommune - [Forskrift om politivedtekt, Fjell kommune, Hordaland - Lovdata](#)

Gjeldande - Forskrift frå Sund kommune - [Forskrift om politivedtekt, Sund kommune, Hordaland - Lovdata](#)

Ved utarbeidninga av ny forskrift har kommunedirektøren difor teke utgangspunkt i vedteka frå gamle Fjell kommune.

## Høyringsprosess

Politivedtekten er ei forskrift som må behandlast etter føresegner i forvaltningslova kapittel 7, og kommunen må difor sørge for at saka er så godt opplyst som mogleg før vedtak vert fatta. Når formannskapet har vedteke forslaget til politivedtekt, vil forslaget difor måtte sendast ut på offentleg høyring. I fvl. § 37 framkjem at:

«at også offentlige og private institusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriften skal gjelde eller gjelder for eller hvis interesse berøres, skal ges anledning til å uttale seg før forskriften blir utferdiget, endret eller opphevet. Så langt det trengs for å få saken allsidig opplyst, skal uttalelse også søkes innhentet fra andre.»

Dette inneber at politivedtekten /forskrifta også skal gjerast kjent for kommunen sine innbyggjarar, til dømes gjennom media, kommunen sine nettstadar m.m. Høyringsfristen for uttale må vidare settast slik at ein får rimeleg tid til å uttale seg, og høyringsuttalane bør vere skriftlege, jf. fvl. § 37, 5. ledd. Høyringsfristen skal minimum vere på seks veker.

Kommunedirektøren sender høyringsbrev med forslag til endringar i forskrifa til Vest politidistrikt. Forskriftsarbeidet vert kungjort i Vestnytt og det vert lagt ut informasjon på Øygarden kommune sine nettsider, der man også finn lenker til relevante dokument. Under høyringa vert saka også lagt fram for medverknadsråda til uttale.

Når høyringsfristen er ute, vert innspela gått igjennom administrativt og ny sak vert lagt fram for formannskapet på nytt før kommunestyret gjer det endelege vedtaket. Endeleg vedtak vert vidare sendt til Politidirektoratet for legalitets-/lovlegkontroll, stadfesting og kunngjering i Norsk Lovtidend. Dei nye politivedtekten vil tre i kraft ein – 1 – månad etter at dei er stadfesta av Politidirektoratet.

## Vurdering og konklusjon

Høyringsfristen for uttale må settast slik at dei som det vedkjem får rimeleg tid til å uttale seg. Det er sjeldan at høyringsfristar på slike dokument er under seks veker. I denne saka foreslår

kommunedirektøren at høyringsfristen vert sett til to – 2 – månadar. Ein slik frist er nødvendig og tilstrekkeleg for å få inn dei innspelene som er ønskjeleg.

Forslaget til politivedtekter for Øygarden kommune er basert på politivedtekten for gamle Fjell kommune – og i all hovudsak foreslår kommunedirektøren å «vidareføre» denne som ny forskrift for Øygarden kommune. Sjølvé politivedtekene er ryddige og oversiktlege og det vert ikkje foreslått endring i sjølvé utforminga av desse.

Konsekvensane for Øygarden kommune med ei lokal politivedtekt er at ein får politivedtekt som gjeld for heile kommunen med klare foresegner og føreseielege reglar for innbyggjarane.

Kommunedirektøren foreslår at at “Forskrift om ny politivedtekt” vert sendt på høyring med frist til 30.06.24.

---

#### **Behandling i Formannskapet 07.05.2024:**

##### **Votering**

Forslag frå kommunedirektøren vart samråystes vedteke.

##### **Vedtak i Formannskapet - 07.05.2024 - 041/24**

1. Formannskapet vedtek å legga forslag til ny forskrift om politivedtekt ut på høyring med ein høyringsperiode på to månader og med høyringsfrist 30.06.24.
2. Medverknadsråda får høyringssaka til uttale i høyringsperioden.

---

#### **Behandling i Ungdomsrådet 27.05.2024:**

##### **Votering**

Innstillinga vart samråystes vedteken.

##### **Vedtak i Ungdomsrådet - 27.05.2024 - 025/24**

**Ungdomsrådet gir slik tilråding til formannskapet:**

1. Formannskapet vedtek å legga forslag til ny forskrift om politivedtekt ut på høyring med ein høyringsperiode på to månader og med høyringsfrist 30.06.24.
2. Medverknadsråda får høyringssaka til uttale i høyringsperioden.

---

#### **Behandling i Råd for personar med funksjonsnedsetjing 29.05.2024:**

Saka vart samråystes teken til orientering

##### **Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing - 29.05.2024 - 023/24**

RFF har ikkje merknader til politivedtekten.

**Behandling i Eldrerådet 30.05.2024:**

---

**Votering**

Forslag til vedtak vart samrøystes tilrådd.

**Vedtak i Eldrerådet - 30.05.2024 - 027/24**

Eldrerådet har ikkje merknader til forslag til politivedtekter.